

Plan for friluftslivets ferdselsårer



HAREID KOMMUNE




ULSTEIN KOMMUNE

Vedteken i Hareid kommunestyre 21.05.2026 sak 42/26 Ulstein kommunestyre 21.05.2026 sak 37/26

Innhald



<i>Innhald</i>	2
<i>1. Friluftslivet i Hareid og Ulstein</i>	3
1.1 Turlag	3
1.2 Turstiar	4
1.3 Kvardagsturen	6
1.4 Nærturar for skular, barnehagar og eldresenter	8
1.5 Universell utforming - grad av tilrettelegging	9
1.6 Padling	10
1.7 Sykling	11
<i>2. Inngrep i naturen</i>	12
2.1 Naturvenleg tilrettelegging	12
2.2 Klopping, bruer og steinlegging	13
2.3 Grusa turveg	15
2.4 Skilting og merking av stiar	15
2.5 Allemannsretten og sporlaus ferdsel	17
2.6 Inngrepfri natur	18
2.7 Statleg sikra friluftslivsområde	19
2.8 Kulturminne og kulturmiljø	21
<i>3. Bakgrunn og prosess</i>	22
3.1 Bakgrunn	22
3.2 Mål	23
3.3 Medverknad og prosess	23
<i>4. Overordna føringar og forholdet til andre planar</i>	25
4.1 Overordna føringar	25
4.2 Forholdet til andre planar	25
<i>5. Tiltaksplan</i>	26
<i>6. Vedlegg</i>	30



1. Friluftslivet i Hareid og Ulstein



Hareid og Ulstein kommunar har eit unikt friluftsområde. Her kan ein vandre i strandsona med havutsikt mot horisonten, kome seg ut til holmar og skjer, eller ta ei stille vandring i skogen og høyre på fuglane som kvitrar. Her er eit mangfald av turstiar, alt frå små knausar, til fjell oppimot 700 moh. Går du til topps, kan du få panoramautsikt innover fjordane og dei majestetiske Sunnmørsalpane. Området brukast aktivt av innbyggjarane og tilreisande. I naturen ser vi ikkje kommunegrenser og fleire av ferdselsårene kryssar kommunegrensa. Det er difor naturleg å utarbeide ein felles plan for begge kommunane.

Friluftsliv er ikkje berre fysisk aktivitet, men inneheld ei verdfull samhandling mellom fysisk aktivitet og naturopplevingar. Friluftslivet bidreg til auka livskvalitet, betre psykisk og fysisk helse og styrkar forståinga og omtanken for naturen. Det kan også vere ein fin arena for inkludering gjennom felles aktivitetar og lågterskeltilbod. Desse gevinstane underbyggjer kvifor kommunane treng strategisk planlegging, tilrettelegging og drift av friluftsanlegg.

1.1 Turlag

Forsking og erfaring viser at merka og tilrettelagde stiar og turvegar påverkar deltaking i friluftsliv. Frivillige sin innsats spelar ei viktig rolle for ivaretaking og vidareutvikling av friluftslivets ferdselsårer.

Kommunane har fleire aktive turlag/trimgrupper som gjer ein stor innsats med skilting og tilrettelegging av stiar og råser slik at det skal vere oversiktleg og greitt å finne fram. Dei gjennomfører også diverse lågterskel fjelltrimkonkurransar og arrangement, som bidreg til å få fleire ut på tur.

Desse trimgruppene har vi:

- Hødd trim
- Hareid IL trimgruppe
- Hasundgot IL trimgruppe
- Haddal IL fjelltrim
- Flø IL turlag
- Brandal IL (har ikkje fjelltrim e.l., men har merka nokre turar i fjella)
- Hjørungavåg IL trimgruppe (har pr. no ikkje aktivitet)



Dugnad Rotarystien

1.2 Turstiar

Ein stor del av planarbeidet har gått med til å kartlegge og oppdatere oversikta over stiar og turvegar i kommunane. Det er lokalisert stiar i terrenget som manglar i kartet og stiar som kun viser i kartet. Dette kan vere gamle hjortetrakk som ein gong har blitt kartlagt og som no ikkje lenger er å finne i terrenget. Det er forsøkt å få oversikt over dette og det vert eit viktig tiltak framover å oppdatere det offentlege kartgrunnlaget. Der er det diverre mykje feil og manglar, då ajourhald av turstiar ikkje har hatt stor prioritet verken hos Kartverket eller i kommunane.

Element som elles er kartlagt er kvilebenkar, gapahukar, bålpassar, drikkevasskjelder, utsiktspunkt, parkering, sjåverdigheter og liknande.

Under er eit oppdatert turkart. Ferdselsårene som er teke med i planen skal vere mykje brukt, eller av andre årsaker vere godt kjende. Dette medføre at ikkje alle stiar er teikna inn i kartet.



1.3 Kvardagsturen



Kvardagsturen eller nærturen er i denne planen ein kortare og lett tilgjengeleg tur som ein ofte kan gå utan å bli våt på beina. Dei fleste av desse turane følgjer grusveggar, som turvegen til Nibben og Rotarystien, men nokre går på sti, som rundt Osberget og til Håbakknotten. Nokre går også på asfalt, som hamnepromenadane i kommunesentera.

Desse turvegane krev særskild merksemd, ettersom dei lett kan kome under press frå ulike former for utbygging. I begge kommunane ligg det turområde med etablerte ferdselsårer for friluftslivet opp mot alle tettstadar og bygder, og desse utgjer eit verdifullt ressursgrunnlag for kvardagsfriluftsliv. Det er eit ønske at desse ferdselsårane vert tydeleg merka, slik at fleire kjenner til og kan ta dei i bruk. Slik tilrettelegging styrkar innbyggjarane si tilhøyrse, bulyst og trivsel – og støttar eit folkehelseperspektiv der enkel tilgang til daglege turar gir store helsegevinstar.

Kvardagsfriluftsliv omfattar og dei korte turane vi gjer i nærmiljøet – til skule, barnehage, butikk, bustadfelt, arbeid, fritidsaktivitetar eller møteplassar. Ved å knyte ferdselsårer tettare til tettstadsutviklinga blir det enklare å velje å gå framfor å køyre, noko som styrkar både fysisk og sosial helse. Dette samsvarar òg med arbeidet med 300-metersbyen i Ulsteinvik og Ulstein kommune sine målsettingar i ny områdeplan, der fleire skal kunne gå mellom viktige målpunkt i kvardagen.

I kartet er det lagt inn nokre av dei nye tiltaka som kom inn under høyringa. Desse krev ulik grad av vidare prosess, men blir av prosjektgruppa vurderte som viktige grep for å styrke nærturnettverket i kommunane.




1.4 Nærturar for skular, barnehagar og eldresenter

Barnehagen og skulen skal vere ein arena for dagleg leik og fysisk aktivitet og er dermed viktig for å fremje rørsleglede og den motoriske utviklinga til barn. Naturen er laga for leik, den gir naturlege leikeapparat som å klatre i tre og på steinar. Små turar i ulendt og kupert terreng gir også barn god sansestimulering når dei bevegar seg. Naturen er også ein viktig læringsarena i form av å sjå kva ulike typar fuglar, dyr, insekt og planter som fins der. Barn lærer på denne måten å ta vare på naturen.

I den nasjonale folkehelsepolitikken inngår innsats for å fremje aktiv og sunn aldring i eit livsløpsperspektiv gjennom å arbeide for eit meir helsefremjande samfunn og gjennom faktorar som aukar livskvaliteten. Tiltak som aukar fysisk aktivitet er ein sentral del. Det er viktig å stimulere til at godt vaksne og eldre kan fortsette å meistre daglege gjeremål, delta i sosiale og kulturelle aktivitetar, og delta i organisert fysisk aktivitet som gå-grupper, nærturar og styrke- og balansetrening.

Eit resultatmål som er sett for planen er at alle skular, barnehagar og eldresenter skal ha ein turveg/sti eller turrute tilpassa deira bruk i nærområdet. Slik som for kvardagsturen kjem også desse områda lett under utbyggingspress og må sikrast gjennom plan.

Nokre av skulane og barnehagane har kome med innspel til planarbeidet. Det er utarbeidd eit kart som viser turområda i nærleiken av skular og barnehagar:



1.5 Universell utforming - grad av tilrettelegging

Fleire av turmåla våre stenger ute personar med rullestol, rullator, krykker, barnevogn og personar med dårleg balanse. Universell utforming handlar ikkje berre om fysisk tilrettelegging, men også om informasjon, orientering og tryggleik. Med relativt enkle grep vil ein kunne gjere fleire turmål meir tilgjengelege og inkluderande for alle, sjølv om mange av turmåla ikkje vil kunne innfri krava til universell utforming fullt ut.


- **Universell utforming** er ein langsiktig nasjonal strategi som skal bidra til å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle, og forhindre diskriminering. Ein universelt utforma tur er utforma etter krav og normer som gjer at flest mogleg kan ta den i bruk. Universell utforming av friluftslivet, samt tilrettelegging for universell bruk av naturen rundt oss, er ei viktig oppgåve for å få aktivitet hjå alle brukargrupper.
- **Godt tilgjengeleg** betyr at turen er tilgjengeleg for eit breitt spekter av brukarar, men det må ikkje vere ein turveg eller oppfylle alle krava til universell utforming. Dei skal minimum vere like tilgjengelege som turløypene med grøn merking, jamfør krava i merkehandboka.
- **Turvegar** er fleirfunksjonelle trasear med høg grad av utnytting for ferdsel til fots, med sykkel, barnevogn eller rullestol. Dei har stor grad av opparbeiding med eit fast og jamt toppdekke. Ein turveg kan vere universelt utforma eller godt tilgjengeleg.
- **Turstiar** er trasear primært for ferdsel til fots. Traseen er rydda, merka og medei avgrensa grad av opparbeiding. Framkoma er forbetra ved å leie vekk overvatn, klipping og legging av mindre bruer etc. Ein tursti vil ikkje vere universelt utforma, men kan likevel vere godt tilgjengeleg.



Døme på enkle lokale tiltak vi har fått innspel på viser på bileta under. Elles er det mange gode tips å finne i inspirasjonsheftet "[Tur for alle](#)" utgitt av KS, som viser ulike tiltak som er utført rundt om i Noreg. Som oftest er det verken midlar eller viljen det står på, men det krevst ei bevisstgjerig rundt kva utfordringar dei med nedsett funksjonsevne møter.



På Osnessanden er det vanskeleg tilkomst til badestranda



Overåsanden har godt tilrettelagt tilkomst til badestrånd, men kunne hatt nytte av betre tilpassing ved bom



Fleire stadar har ulike hindringar, som t.d. trong passasje ved bom (her med bommen i Ulsteindalen)

1.6 Padling



Padlevettreglar

1. Velg båt som høve til dine evne og til turen.
2. Sjekk at utstyret er i orden.
3. Kle deg etter vassstemperaturen. Ha med reservekle.
4. Ha alltid på deg godkjend padlevest.
5. Overvurder ikkje dine egne evner. Øv deg på redningsteknikkar.
6. Dersom du velte, forlat ikkje båt eller åre.
7. Ha respekt for ver og vind, og sjekk vermeldinga før du går ut i kajakk eller kano.
8. Hald god avstand til andre båtar. Sørg for å bli sett.
9. Lær deg livredning.
10. Ver miljøbevisst. Vis omsyn overfor naturen. Husk sporlaus ferdsel

Padling er ei allsidig og naturnær form for friluftsliv som skjer på vatn – i innsjøar, elvar, fjordar og langs kysten. Aktiviteten passar både for nybegynnarar og erfarne og gir ei unik oppleving av ro, stillheit og nærleik til naturen. Samtidig kan padling vere både spanande og fysisk utfordrande.

Det som gjer padling spesielt, er at det opnar opp landskap som elles kan vere vanskelege å nå. Ein kan gli stille fram over vatnet, tett på fugl, dyreliv og vakker natur, langt frå veg og støy. Slik blir padling både ein rekreasjonsaktivitet og ein måte å kome nærmare naturens rytme på.

Alle ruter skal kvalitetssikrast ut i frå risiko med vind, bølger og båttrafikk. Det er gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for padleledene i hav som er med i turkartet.

Dette er gjort i samsvar med merkehandboka.no sin [Rettleiar for ro- og padleruter](#).



1.7 Sykling

I arbeidet med planen har det kome inn få innspel som omhandlar sykling og sykkelruter. Generelle tilbakemeldingar er at med fleire grusa turvegar i fjella og fleire elsyklar har sykkeltrafikken auka.

Det finst mange mindre trafikkerte vegar, gang- og sykkelvegar som er eigna for sykling. Vidare finst det også grusa turvegar og etablerte stiar som vil vere eigna for sykling.

I Ulsteinvik er det etablert terrengsykkelbane i skogen ved Anholen og ei pumpbane for barn.

Nasjonal sykkelrute 1, Kystruta, går over Hareidlandet. Denne ruta er ein del av EuroVelo 1, Atlantic Coast Route, som går frå Nordkapp til Bergen og følgjer Atlanterhavskysten til Spania og Portugal. Kystruta er meint å gå på vegar med lite trafikk og på gang- og sykkelvegar der dette er mogleg.

Kystruta i vårt område er ikkje skilta. Det er Statens vegvesen som har ansvaret for dette i samarbeid med fylkeskommune og kommune. Dette bør kome på plass.



Pumpbane Ulsteinvik



Kystruta

2. Inngrep i naturen



2.1 Naturvenleg tilrettelegging

«Naturen er ein nasjonal verdi som må vernast. Naturvern er å disponere naturressursane ut frå omsynet til den nære samanhengen mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal takast vare på for framtida. Kvar og ein skal vise omsyn og vere varsam i omgang med naturen. Inngrep i naturen bør berre gjerast ut frå ei langsiktig og allsidig ressursdisponering som tek omsyn til at naturen i framtida blir verande som grunnlag for menneska si verksemd, helse og trivsel.»

(Føremålsparagrafen i Naturvernlova av 1970)

Inngrep må vurderast opp i mot viktige naturverdiar, estetikk og biologisk mangfald.

Miljødirektoratet har utarbeidd rettleiaren "[Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv](#)". Denne skildrar korleis fysiske tiltak kan gjennomførast med så liten miljøbelastning og inngrep i naturmiljøet og kulturlandskapet som mogleg, samstundes som naturmangfaldet og kvaliteten på friluftslivopplevinga vert ivareteke.



Opplevinga av urøyrd natur, stillheit og ro er kvalitetar som er spesielt viktig ved friluftsliv i store og samanhengande naturområde. Område med denne kvaliteten bør ivaretakast utan tilrettelegging for ferdselen.

Ei utfordring med tilrettelegging kan vere at turgåarar og syklistar i større grad vert kanalisert innover fjellheimen og nærare inngrepsfri natur enn tidlegare. På sikt kan dette også medføre at ein senkar terskelen for nye inngrep då det vert konstruert eit ønske og forventning om ytterlegare tilrettelegging. Det kan også vere ei utfordring at tilrettelegginga stimulerer til auka sykkelaktivitet i nye og sårbare naturområde som toler mindre belastning av slik ferdsel.

Samtidig er det registrert stor slitasje på terreng og vegetasjon i områda som er utsatt for særleg stor ferdsel året gjennom, t.d. Hasundhornet og Holstadhornet. I slike område vert det så opptrakka, gjørmete og enkelte stadar nesten uframkomeleg at det likevel vil vere fornuftig å vurdere ei eller anna form for tilrettelegging og styring av ferdselen. Dette er i stor grad grunnen til at Ulstein valde å bygge turvegen til Hasundhornet.



Turvegen til Hasundhornet styrer ferdselen og gir mindre slitasje på terrenget

2.2 Klopping, bruer og steinlegging

For å passere blaute område på myr, over større opptrakka areal og i fuktdrag der det ikkje er mogleg å legge om stien kan det vere fornuftig å bruke gangbanar, også kalla klopp eller klopplegging.

Ei klopp eller kavlebru er ein eller fleire trestammar lagt tvers over eit vassløp eller ei myr. Det er dei enklaste bruene ein kjenner til. Gangbanene av tre kan lagast av parallelle og langsgåande, grove plankar eller av toppbord som ligg på tvers av lengderetninga. Ofte er der spikra bordbitar på toppen, for å halde delane saman og gjere det jamnare å gå.




Frå venstre: enkel klopp, kavlesti ved bruk av rundstokkar (frå nærliggande skog), bruk av fliskutt (frå nærliggande skog) og enkel kloppebru

Kommunane består av store område med fuktig vegetasjonsdekke som torv, myr og fuktdrag. Dei fleste turstiane er på eitt eller anna vis berørt av dette, særleg i dei litt lågareliggande traseane. Difor var det ikkje overraskande at ein stor del av innspela som kom inn i medverknadsprosessen til planen omhandlar nettopp klopping pga. våte parti i turstinettet.

Klimaendringar gir oss mindre snø om vinteren noko som fører til auka bruk av stiane heile året. I tillegg er det meldt om våtare ver enn før. Behovet for klopping vil difor truleg auke framover.

Kloppekartet under syner stiar der det er behov for klopping. Sjølv om det er lagt inn ein lengre sti er det ikkje snakk om å kloppe heile strekket, men delar av stien. Utfordringa er at behovet for klopping ofte kjem av kor mykje trakking det har vore på den enkelte stien og korleis veret har vore.



Kloppekartet syner turstiar der det er meldt inn behov for klopping

2.3 Grusa turvegar

Turvegar må etablerast med omhu og i så liten grad som mogleg. Etablering av turvegar krev løyve etter plan- og bygningslova og må forankrast i overordna planar.


I kommuneplanens arealdel for Ulstein 2019-2031 står det i § 8.1.3 at det kan anleggast turvegar og turstiar i LNF-område som vist på plankartet. Det skal takast særleg omsyn til terreng og vegetasjon ved utforming og val av trasé. Grøfting og drenering skal unngåast i så stor grad som mogleg. Turvegane/turstiane er differensiert i utforminga frå kategori A-C:

- Kategori A er turvegar med maksimal breidde 2,5 m. Tilrettelagt for ferdsel til fots, ev. med sykkel, rullestol, barnevogn o.l. Stor grad av opparbeiding og gir godt framkome. Skal tåle køyring med vedlikehaldsmaskinar ha eit fast toppdekke som gir jamn overflate. Skal i størst mogleg grad vere for heilårsbruk og kan ha belysning.
- Kategori B er turstiar for ferdsel med maksimal breidde 1-1,5 m. Stiane skal vere rydda for vegetasjon, men med liten grad av opparbeiding av grunnen. Skal ikkje ha belysning.
- Kategori C er turstiar for ferdsel til fots med ei minimumsbreidde på 0,5 m. Stiane skal vere rydda for vegetasjon, men utan anna opparbeiding av grunnen enn klopplegging i stein eller tre.

Til dømes er turvegane til Mosvatnet og Osberget i kategori A, medan Hasundhornet og Rotarystien frå Grimstadosen til Kaldholen er i kategori B.

Det er også stilt generelle kvalitetskrav til utforminga og arbeidet.

Hareid kommune har ikkje spesifikke krav i arealdelen til utbygging av turvegar. I forslaget til ny arealdel er det lagt inn i § 23 at den overordna grønstrukturen i kommunen skal ved ny utbygging og fortetting ivaretakast. Tiltak for å fremme friluftsliv, turvegar og område for lek og rekreasjon kan tillatast.



2.4 Skilting og merking av stiar

Synlege turruter der folk bur og oppheld seg fremjar friluftsliv. Ei undersøking frå "Norsk institutt for naturforskning" dokumenterer at skilting og merking av eksisterande stiar fører til auka bruk og at nye brukarar kjem til. Det bidreg til fysisk aktivitet og trivsel og dermed betre helse. Vidare fremjar det stadstilhøyrse og bulyst og legg godt grunnlag for naturbasert reiseliv.

[Merkehandboka.no](https://merkehandboka.no) er ein nettstad med informasjon om planlegging, tilrettelegging og synleggjering av stiar og turruter. Merkehandboka er eit breitt samarbeid mellom friluftslivsorganisasjonar, reiselivet og offentlege myndigheiter. Der finn vi også ein [skiltmanual](#) som innheld standardar og anbefalingar om skilt, informasjonstavler og turkort.




Turstiar i Hareid og Ulstein kommunar skal skiltast og merkast i samsvar med denne standarden. Andre typar skilt bør fjernast når "rette" skilt er på plass.



Eit døme på noko forvirrande skilting.

I temakartet under er det oversikt over turstiar der det har kome innspel om behov for betre merking/skilting.



2.5 Allemannsretten og sporlaus ferdsel

Allemannsretten gir oss mange goder, men bruk av naturen forpliktar også. Ei av dei største pliktene er å ikkje legge igjen spor etter oss. Regelen om sporlaus ferdsel handlar mykje om at naturen skal vere like fin når vi forlet den som då vi kom. Døme på dette er bruk av bål og å ta med søppel heim.



Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi kan hauste av naturen – ikkje berre saltvassfisk, bær, sopp og blomstrar, men og rekreasjon ved inntrykk og opplevingar.

Hovudprinsippa i allemannsretten er lovfesta i friluftlova av 1957. Allemannsretten gir ikkje berre rettar, men også følgjande plikter:

- alle skal opptre omsynsfullt og varsamt
- staden skal ikkje etterlatast i ein tilstand som kan verke skjemmande eller føre til skade eller ulempe for nokon
- grunneigar har rett til å vise bort folk som opptre omsynsløst eller har ein oppførsel som kan utsette eigedomen for skade eller ulempe



Forskjellen på innmark og utmark:

Enkelt forklart er innmark område som gardsplass, hustomt, hage, industriareal, dyrka mark og liknande areal der allmenn ferdsel vil vere til bry for eigaren av grunnen. Utmark er alt som ikkje er innmark, og omfattar det meste av skog, fjell, myr og strand.

Allemannsretten gjeld i utmark. Der kan du

- ferdast fritt til fots og på ski
- raste og overnatte
- ri eller sykle på stiar og vegar
- bade, padle, ro og bruke seglbåt
- plukke bær, sopp og blomstrar
- fiske fritt etter saltvassfisk



Bål som har skada svaberg på Roppesanden



Halvvegs utbrent bål etterlatt på Osberget


Sporlaus ferdsel handlar også om å ta omsyn til artane i naturen, dvs. å ikkje forstyrre eller skremme dyra, særskilt i parings- og hekketida. Difor er det t.d. i svært viktige naturområde lagt inn tidsavgrensa ferdselsforbod i verneforskrifta. Dette gjeld mellom anna for Grimstadvatnet naturreservat og Grasøyane i Ulstein. Rotarystien langs Grimstadvatnet går difor i hovudtrekk utanfor verneområdet.



Det er strenge reglar for ferdsel i eit naturreservat. Her frå Rotarystien som går langs verneområdet.

2.6 Inngrepsfri natur

Områda som i luftlinje ligg éin kilometer eller meir unna større naturinngrep, som til dømes veg, steinbrot og energiutbygging, er det vi kallar inngrepsfri natur. Villmarksprega natur er også inngrepsfri natur, men desse områda ligg minst fem kilometer unna denne typen naturinngrep. Hareidslandet har inngrepsfri natur, men ikkje villmarksprega natur. Dei største områda med inngrepsfri natur er i Fløy/Brandalsfjella nord på øya, og heilt i sørenden langs Vartdalsfjorden kring Alme.



Kart over inngrepsfrie naturområde (Miljødirektoratet)

Uavhengig av dette har Hareidlandet mange naturvernområde med egne verneforskrifter som gjev klare avgrensingar på både inngrep og aktivitet.

Det er viktig å tilrettelegge for friluftslivet, men samstundes også svært viktig å ivareta natur slik den er og vere bevisst på problemstillinga gjennom ein langsiktig og berekraftig profil med fokus på naturvenleg tilrettelegging. Eventuelle tiltak må også gjerast i samsvar med prinsippa i naturmangfaldlova. Når opphavelig natur først forsvinn, er det ofte for godt.

Dei siste 10-15 åra er det vind- og vasskraft, inkludert kraftleidningar og infrastruktur til desse aktivitetane som har påverka inngrepsfri natur mest. Energiutbygging er dei siste fem åra hovudgrunnen til 60 prosent av reduksjonen i inngrepsfri natur i Noreg.



Vasskraftanlegg med tilhøyrande bygg, demning, røyrgate og anna infrastruktur er store inngrep som fører til ein betydeleg reduksjon av inngrepsfri natur. Her frå Ulsteindalen kraftverk.

Det er store skilnadar og konsekvensar av dei ulike inngrepa. Nokre inngrep har direkte påverknad på arealet, altså nedbygging av naturen. Andre tiltak har mindre fysiske inngrep, men kan medføre uheldige effektar som auka forstyrring på grunn av ferdselen.

Inngrepsfrie område er også viktig for friluftsliv, rekreasjon, landskap og vår identitet.

Ein skal ha respekt for at folk er forskjellige i høve opplevinga av dei ulike inngrepa i naturen. Til dømes bør det vere høgare terskel for tiltak dess lengre inn i «fjellheimen» ein kjem. Her forventast det større ro og mindre tilrettelegging.

2.7 Statleg sikra friluftslivsområde


Byvekst og fortetting set press på viktige areal for friluftslivet.

Eit statleg sikra friluftslivsområde er eit område som kommunen eller friluftsrådet har sikra gjennom kjøp eller bruksavtale for ålmenta sin bruk, med støtte frå staten. Målet er å ivareta viktige friluftslivsområde eller ferdselsårer og forvalte dei slik at dei er tilgjengelege og attraktive for dagens og framtidige generasjonar.

Statleg sikring kan ivareta friluftslivsområda på lengre sikt og løyse utfordringar knytt til tilgjengelegheit og tilretteleggingsbehov. Ordninga rettar seg særleg mot areal som blir eller vil bli intensivt brukt, og som bør tilretteleggast for friluftslivsformål. Sikring av nærmiljøområde er eit viktig verkemiddel for å nå grupper som er lite aktive.

I Hareid og Ulstein kommunar er der til saman 8 (5+3) statleg sikra friluftslivsområde i dag (merka med svarte sirkclar i kartet under). Det vil vere viktig å knytte dei eksisterande statleg sikra områda saman med buområde og andre friområde gjennom stiar, turvegar og grønstruktur.

Plan for friluftslivets ferdselsårer vil vere eit godt og strategisk verktøy for å identifisere nye, aktuelle område som bør sikrast for ålmenta i framtida. Vurdering av nye sikringar bør vektleggast i område med høg bruksfrekvens, naturverdiar eller særleg potensial for folkehelse og inkludering. Kommunane ser på fleire nye aktuelle område (merka med grøne sirkclar i kartet under) og er i ulike prosessar for dette. Dette gjeld t.d. i Ulstein dei populære områda Osnessanden, Roppesanden og Bugardsmyra med Osberget. I Hareid vil det t.d. vere område som gapahuken ved Rotarystien og den store parkeringsplassen ved Kaldholelva.



2.8 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø kan avgrense framtidige tiltak, men det kan også vere eit rikt tilskot langs ei ferdselsåre. Det å formidle lokalhistorie og kulturarv kan lyfte opplevinga av turen.

I kommunane er det fleire stadar sett ut skilt og infotavler om kulturminne, t.d. festninga på Kvitneset og gravrøysene på Flø. I Hareid sin kulturminneplan (2016, no under rulling) og Ulstein sin kulturmiljøplan (2022-2034) er det i handlingsdelane sett som tiltak at det skal plasserast ut fleire skilt/infotavle for ulike kulturminne. Ein bør vurdere å prioritere å skilte dei kulturminna som ligg i tilknytning til eksisterande turveggar, stiar og kvardagsturar for å styrke synergiane mellom friluftslivet og kulturminneopplevingar.

I temakarta for turstiar og kvardagsturar er det merka av ulike målpunkt. Der kan ein finne sjåverdigheiter som er i nærleiken av ein tursti og infotavler.

Ved etablering av nye ferdselsårer er det viktig at ein ikkje øydelegg eller forringar kulturminne. Det kan ligge automatisk freda kulturminne, anten i nærleiken eller i direkte konflikt med tiltaket. Kommunane må ta kontakt med rådgivar i fylkeskommunen før ein startar etablering av nye stiar slik at dette kan handterast tidleg i prosessen.



Gravrøys på Gotene på Flø

3. Bakgrunn og prosess



3.1 Bakgrunn


Folkehelselova set krav til kommunen om å fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel kommunen er tillagt. Dette inneber mellom anna å legge til rette for fysisk aktivitet i befolkninga, og gode fysiske og sosiale miljø. Regjeringa sin handlingsplan Sammen om aktive liv 2020-2029 fortel at turgåing er den fysiske aktiviteten vi i Noreg totalt sett brukar mest tid på, og ein stor andel av befolkninga nyttar turvegar og turstiar. Attraktive areal og enkle anlegg for friluftsliv nær der folk bur, er viktig for å nå målet om at ein stor del av befolkninga utøver friluftsliv jamleg.

Plan for friluftslivets ferdselsårer er eit fleirårig prosjekt som er sett i gang av Miljødirektoratet. Prosjektet starta i 2019 og skal fremje kartfesting, planlegging, opparbeiding, skilting og merking av ferdselsårer for friluftsliv og er ei oppfølging av kommunenes arbeid med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder.

Kommunar som følgjer ein plan for friluftslivets ferdselsårer, vil i åra som kjem bli prioritert i fordelinga av tilskot til friluftslivsplanlegg.

Den samfunnsøkonomiske gevinsten av å få fleire ut i aktivitet er på over 80 milliardar årleg nasjonalt. Som ein illustrasjon kan Ulstein og Hareid kommunar spare samfunnet 1 million kr kvar årleg dersom berre to hoftebrot vert unngått på grunn av førebygging (Fallbarometer.no).

Kommunane har fått tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune til arbeidet med denne planen. Sunnmøre Friluftsråd har vore aktiv støttespelarar og rådgjevar i arbeidet med planen.



Begge kommunane har gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde. Kartet viser kva område som er verdsatt som kategori A - svært viktig for friluftslivet og kva type friluftslivsområde desse er.

3.2 Mål

Det overordna målet med prosjektet er å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivets ferdselsårer for å sikre eit attraktivt tilbod til befolkninga med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv.

Effekt mål:

- Auka fysisk aktivitet og betre helse i befolkninga
- Gjere kvardagsturen til eit omgrep i Ulstein og Hareid kommunar
- Auka miljøomsyn gjennom færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen
- Sikre berekraftige og miljøvenlege ferdselsårer

Resultat mål:

- Alle skular, barnehagar og eldresenter skal ha ein turveg/sti eller turrute tilpassa deira bruk i nærområdet
- Tydeleg skilting og merking av turruter
- Lett tilgjengelege og samanhengande turnettverk i nærområdet, maks 500 m til startpunkt frå tettbebyggelsen
- God parkering i tilknytning til turrutene
- Få oversikt over eksisterande snarveggar og legge til rette for å sikre desse gjennom plan
- Varierte turmål tilpassa ulike brukargrupper. Minst to universelt utforma turmål
- Minst to padleleder som er graderte i hht "Veileder for ro- og padleruter"
- Tilgjengelege turkart på nett som vert søkt opp av mange. Alle turruter i kommunane skal leggst inn i Nasjonal base for tur- og friluftsruter (og gjerne andre tursider som morotur.no, ut.no, wikiloc m.fl.)

Avgrensing av planarbeidet

Prosjektplanen omtalar at tema skulle avgrensast til: fotturar, ev. skiturar, sykling, riding og padling. Men etter å ha tatt fatt på arbeidet vart det tydeleg at dette vart for omfattande. Hovudfokuset vart difor lagt på fotturar og kvardagsturen.

3.3 Medverknad og prosess

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe beståande av Anita Sundnes (prosjektleder), Arild Støylen, Oda Jonette Hofset og Cecilie Roppen frå Ulstein kommune og Silje Kiperberg Aksnes frå Hareid kommune. Planforum har vore styringsgruppe for prosjektet for Ulstein sin del, medan Strategisk planforum har vore styringsgruppe for Hareid sin del.

Det vart gjennomført workshop 19. april 2023 på Sunnmøre folkehøgskule. Det vart sendt invitasjon til trimgrupper i idrettslag, velforeiningar, grunneigarlag o.l. På kommunane sine heimesider og facebook vart det lagt ut open invitasjon. Det var annonse i Vikebladet/Vestposten 14. april 2023 og avisartikkel 18. april. Totalt deltok ca. 40 stk.

Det vart utvikla ein eigen portal på nett med kartløyising der innbyggjarar kunne leggje inn innspel. Ein kunne også sende innspel på e-post til kommunen. Det var opent for innspel frå 12. april til 01. juni 2023.

Det vart vidare sendt ut eige skriv til skular og barnehagar for å kunne kartlegge kva nærtuområde desse nytta, og kva ønske dei ev. hadde for sine tuområde. I tillegg var nokre frå

prosjektgruppa med Ulsteinvik barneskule då dei hadde turdag. Det var ein kjekke dag med sykkeltur til Dimnøya med påfølgande turgåing til Uglasætra ilag med skuleelevane.

Totalt kom det inn i overkant av 200 innspel. Oversikt over dei enkelte innspel og grovsortering/analyse av desse er lagt ved som eige vedlegg til planen.

I april 2025 vart turlaga invitert til eit eige møte der kommunen gjekk gjennom og diskuterte planarbeidet og status. I tillegg vart det snakka om forholdet til grunneigarkontakt og merking av turar. Alle var enige i å nytte [Skiltmanualen](#) i [Merkehandboka](#) som grunnlag for merking av turstiar i Hareid og Ulstein kommunar, dette er relativt godt etablert allereie. Det kom også fram ønske om fleire felles møter på tvers av kommunane, der ein mellom anna kan samsnakkast om kva område i fjellet ein skal prioritere med tanke på merking og tilrettelegging av sti.



Skuleelevar på fjelltur



4. Overordna føringar og forholdet til andre planar



4.1 Overordna føringar

Fleire lover, stortingsmeldingar, rettleiarar og planar ligg til grunn planarbeidet:

- FNs berekraftsmål
- Plan- og bygningsloven
- Naturmangfoldsloven
- Kulturminneloven
- Friluftsløven og allemannsretten
- Folkehelseloven
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Nasjonal handlingsplan for friluftsliv (2018)
- Stortingsmelding nr. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027
- Miljødirektoratets veileder M-1292/2019 - Plan for friluftslivets ferdselsårer
- Verneforskrifter og forvaltningsplanar
- Kommuneplanens arealdel og samfunnsdel
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Gjeldande reguleringsplanar



4.2 Forholdet til andre planar

Planen skal brukast som eit grunnlag for å revidere friluftslivskartlegginga i kommunen og som eit fagleg grunnlag i all arealdisponering og planlegging. Fysisk tilrettelegging av eit visst omfang må avklarast i tråd med plan- og bygningslova gjennom søknad til kommunen (for eksempel: etablering av gapahuk, turveggar og gravde stiar). Desse må vere i tråd med gjeldande arealplan. Nye trasear må klarerast mot naturmangfoldlova og kulturminnelova. Det betyr at omsynet til kulturminne, sårbare artar og naturtypar skal vurderast før konkrete tiltak gjennomførast.

Ved rullering av Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIF) skal denne planen leggst til grunn som ein del av kunnskapsgrunnlaget. KIF-planen bør inkludere ein systematikk i arbeidet med friluftslivets ferdselsårer med målpunkt. Dette for å kunne trekke vekslar på spelemidlar og donasjonar frå stiftingar, og organisasjonar sine aktivitetar og bruk av stiar, løyper, turveggar og sykkelruter.

Også ved rullering av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel vil planen ligge til grunn som eit viktig kunnskapsgrunnlag.

5. Tiltaksplan



Tiltaksplanen består både av føringar som ligg i prosjektet frå Miljødirektoratet, tiltak som har kome som resultat av kartlegging, analyser prosjektgruppa har utført og nokre utvalde tiltak som er direkte innspel frå innbyggjarane.


Den er delt i ein generell del som er felles for begge kommunane, og ein del for kvar av kommunane med meir konkrete tiltak. Mange av tiltaka vil krevje eigne prosessar før dei eventuelt kan vedtakast gjennomført, så dette er ikkje ein bindande tiltaksplan.

Mange av tiltaka er avhengig av frivillig engasjement, og det er difor vanskeleg å lage ei detaljert prioritering. Generelt vil vi prøve å prioritere enkle og lite omfattande tiltak som raskt kan gi effekt. Særleg vil vi vektlegge tilrettelegging og god tilgang til naturen for flest mogleg.

Generelle tiltak for Hareid og Ulstein				
KATEGORI	TILTAK	BESKRIVELSE	Oppfølging	Sektor
Turstiar				
	Oppdatering av stiar, turruter og traktorveggar i den nasjonale kartdatabasen	Oppdatere kartlaget 15xx Traktorveg-sti med dei funn vi har gjort gjennom kartlegginga. Ha dialog med Kartverket for masseoppdatering av andre stiar i Norgeskart (N50)	Kommunen	Geodata
	Registrere dei viktigste turstiane i "Nasjonal base for turruter" drifta av Kartverket	Ha dialog med Kartverket for masseoppdatering	Kommunen	Geodata
	Klassifisering av ferdsselsårer etter grad av inngrep.	Gjer dette synleg i kartet. Punkt om sonering i rettleiaren fr	Kommunen	Geodata
	Publisering av kartportal	Kommunane har etablert eigen kartserver der kart over turstiar skal vere tilgjengeleg på nett.	Kommunen	Geodata
	Produsere turkart pdf for print A3	Nytt oppdatert turkart over Hareid og Ulstein med informasjon om hovudturstiane	Kommunen	Geodata/Kultur/Folkehelse
	Ajourhald av kart	Sørge for rutiner som gjer at kartbasen vert halden ajour ved endringar i turstitrasséane.	Kommunen	Geodata
	Kalle inn til årleg møte med alle turlaga	Ta initiativ til årleg møte med alle turlaga i kommunane i forkant av sesongen for å sikre erfaringsutveksling, samhandling og dialog.	Kommunen	Kultur/Folkehelse
	Behov for merking og skilting av stiar	Det er gjennom planen utarbeidd temakart basert på innspel som eit hjelpemiddel for turlaga. Må ha dialog med grunneigarar	Frivillige	
	Klopping	Det er gjennom planen utarbeidd "kloppekart" basert på innspel som eit hjelpemiddel for turlaga. Men område med våte parti er skiftande etter bruk og klima, så her gjerast det vurderingar i turlaga år for år. Viktig å også ha fokus på urøyd natur.	Frivillige	
	Skilting "storfe på beite"	Både fysisk skilting og symbol i kart bør vurderast. Må avklarast med grunneigarar	Kommunen/ Frivillige	
Turvegar				
	Vedlikehald av eksisterande turvegnett	Vedlikehaldsplan	Kommunen	Drift
	Vasskran i tilknytning til turvegar	Der det er mogleg, avklarast med drift	Kommunen	Drift
	Etablere turvegar som binde saman eksisterande vegar	Etablere turvegar som binde saman eksisterande turvegar slik at ein får etablert rundturar. Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen.	Kommunen	Plan
Kvardagsturen				
	Utarbeide plan for skilting og merking av kvardagsturar.	Definere kva som skal vere hovudtraséar som skal skiltast.	Kommunen	Kultur/Folkehelse
	Informasjonstavler	Infotavler sentralt plassert i kommunesentra. Historiske/opplysande skilt langs traséen.	Kommunen	Kultur/Folkehelse
	Sikre traséar gjennom reguleringsplan	Viktige snarvegar i bebygde område må sikras gjennom reguleringsplan.	Kommunen	Plan
	Sikre turstiar ved utlegging av område for bebyggelse ved rullering av kommuneplan	I forbindelse med rullering av arealdelen der det vert lagt inn område for bebyggelse må det settast krav til at turstiar gjennom områda skal kartleggast og kategoriserast så dei enten vert ivaretekte eller det vert sikra fullgode alternativ ved utbygging.	Kommunen	Plan
	Publisering av kartportal	Kommunane har etablert eigen kartserver der kart over kvardagsturane skal vere tilgjengeleg på nett.	Kommunen	Geodata
	Ajourhald av kart	Sørge for rutiner som gjer at kartbasen vert halden ajour ved endringar i kvardagsturane.	Kommunen	Geodata
	Lage kart over opplevelsesområde for "lokale turistar"	Digitalt kart som vise opplevelsesområde i kommunane med lenke til meir info om kva aktivitetar som er, kva kan du sjå /gjere på, tilkomst, parkering m.m.	Kommunen	Kultur/Folkehelse
Sykling				
	Merking av nasjonal sykkelrute 1, Kystruta	Kystruta går over Hareidlandet. Det er Statens Vegvesen i samarbeid med fylkeskommune og kommunar som har ansvaret for skilting	Statens vegvesen	Statens vegvesen
Universell utforming				
	Generell UU-tilrettelegging	Etablere rutinar som sikrar at tilrettelegging vert ein naturleg del av vedlikehaldet av turstiar, -vegar og -mål, jf kap 2.6. Sikre UU-tilrettelegging også for tilgang til sjø.	Frivillige	
	HC-brygger/badebinge for fisking og bading	Legge til rette for enklare tilgang til sjørette aktivitetar	Frivillige	
	Søke om tilskot gjennom ordninga "god og trygg tilgang til naturen"	Tilskotsordning for å legge til rette for universell utforming.	Kommunen/ Frivillige	Plan/Frivillige
	Sikre universell utforming av kart og symbolbruk	Ved utarbeiding av offisielt turkart på nett og papir	Kommunen	Kultur/Folkehelse
	Utarbeide eige kart med fargemerking over stiar som er universell utforma/tilnærma UU	Kartlegge og utarbeide kart som viser turar som i dag er universelt utforma og tiltak som kan gjerast for å auke grada av UU på dei turane som ikkje settar alle krav.	Kommunen	Kultur/Folkehelse
Statleg sikring av friluftslivsområde				
	Sikre nye friluftslivsområde	Vurdere nye sikringar i område med høg bruksfrekvens, naturverdiar eller særleg potensial for folkehelse og inkludering. Betingar tidleg involvering av grunneigarane.	Kommunen	Teknisk/Næring
	Dømer på nye område	Osnessanden (U), Bugardsmyra (U), gapahuken og p-plass tilknytt Rotarystien (H)	Kommunen	Teknisk/Næring
Diverse				
	Marknadsføringsstrategi	Aktivt marknadsføre dei tenester og produkt kommunane har innanfor temaet friluftsliv	Kommunen	Kultur/Folkehelse
	Fuglekikartårn	Som t.d. ved torvløda på Rotarystien. Krev prosess	Frivillige	
Forholdet til andre planar				
	Naturmangfaldsplan	Oversende innspel slik at relevant informasjon i denne planen vert teke med ved rullering.	Kommunen	Plan
	Kulturminneplan	Oversende innspel slik at relevant informasjon i denne planen vert teke med ved rullering.	Kommunen	Kultur/Folkehelse
	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Plan for friluftslivets ferdsselsårer skal ligge som kunnskapsgrunnlag ved rullering av kommunedelplan	Kommunen	Kultur/Folkehelse

Konkrete tiltak Hareid kommune				
KATEGORI	TILTAK	BESKRIVELSE	Oppfølging	Sektor
Turvegar				
	Vidareføre Rotarystien til golfbana	Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen. Krev frivillig engasjement.	Kommunen	Plan
	Ny tursti frå Hodr vikingsete til Hjørungdalsvatnet	Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen. Krev frivillig engasjement.	Kommunen/ Frivillige	Plan/folkehelse
	Vøle Køyrevegen, frå øvste Håbakkane	Meldt inn til kulturminneplan. Evt. vøling er avhengig av frivillig engasjement.	Kommunen/ Frivillige	Kultur/folkehelse
	Etablere turveg frå Brandal til Brørevatnet	Frå Indredalen. Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen.	Kommunen/ Frivillige	Plan
	OBS-skilt ved turveg over golfbana	Opplyse om at ferdsel skjer på eige ansvar, fare for golfballar som kjem susande.	Frivillige	Folkehelse
	Turveg Hareid-Ovrasanden, langs sjø	Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen. Krev frivillig engasjement.	Frivillige	Plan
Universell utforming				
	Ovrasanden	Vurdere byte av bom, slik at tilkomst til stranda vert betre.	Kommunen	Drift
Diverse				
	Gapahuk - Litlevågen	Krev prosess, PBL	Kommunen	Plan
	Gapahuk - Sommarfjøsøen Holstad	Krev prosess, PBL	Kommunen	Plan
	Benkar - Ovrasanden	Enkel prosess	Frivillige	
	Jets-toalett Rotarystien	Krev prosess	Kommunen	Drift
	Hengekørefeste Håbakknotten	Krev prosess	Frivillige	
Parkering				
	Korshamna	Ønske om meir parkering, krev prosess	Kommunen	Plan
	Rotarystien-Hareidsmyrane	Ønske om meir parkering, krev prosess	Kommunen	Plan
	Hovlida	Ønske om meir parkering, krev prosess	Kommunen	Plan

Konkrete tiltak Ulstein kommune				
KATEGORI	TILTAK	BESKRIVELSE	Oppfølging	Sektor
Spenstige innspel				
	Rampe på Osberget	Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen	Kommunen	Plan
	Bru over Fylkesveg 81 - Skjoranakken	Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen	Kommunen	Plan
	"Hengebru"-gangveg til Boholmen	Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen	Kommunen	Plan
	Sherpatrapp Haretua - Uldalen (Gåsneset)	Oversende innspel ved rullering av arealdelen til kommuneplanen	Kommunen	Plan
Universell utforming				
	Osnessanden	Dårlig sti og steinar nedfor nausta hindre tilkomst til sanden. Etablere UU-rampe ut i sjø over overvassrør	Kommunen/ Frivillige	Drift/Frivillige
	Badestrand på Ulstein	Steinar og sperra veg hindre tilkomst til sanden	Kommunen/ Frivillige	Drift/Frivillige
	Roppesanden	Sanden ikkje tilgjengeleg -forleng sti med støypt overgang	Kommunen/ Frivillige	Drift/Frivillige
	Ulsteindalen	Kortare bom eller etabler større lomme utanfor bommen	Kommunen/ Frivillige	Drift/Frivillige
Diverse				
	Oshaugen - merking og skilting	Enkel prosess, kulturminne	Kommunen	Kultur
	Gapahuk - ved osen - Ulstein kyrkjegard	Krev prosess, PBL, kulturminne	Kommunen	Plan
	Gapahuk - Alvehaugen	Krev prosess, PBL	Kommunen	Plan
	Gapahuk - Klubbeneset Flostrand	Krev prosess, PBL	Kommunen	Plan
	Fleire benkar turveg Osberget	Behov for benkar både langs sti og ved utsiktspunkt	Kommunen	Kultur/drift
	Benk Solsida-Rystebakken Haddal	Enkel prosess	Frivillige	
	Onglasætra - reparere bru	Enkel prosess	Frivillige	
	Hengekørefeste Hasundhornet	Krev prosess	Frivillige	
	Offentleg toalett i t.d Bugardsmyrane	Krev prosess	Kommunen	
Parkering				
	Øvst i Årskogsteinen (mot Hovsetsvingane)	Få opp underskilt på snuplass der det står parkering forbode: Gjeld berre vinter	Kommunen	Drift
	Varleite	Utvide p-plass - avklart i KPA, må detaljregulerast. Sikre UU ved flytting av bom	Kommunen	Plan
	Roppesanden	Stort behov for parkering. Krev prosess med grunneigarar og fylkeskommunen.	Kommunen	Plan
	Ulstein skule	Informasjonsskilt om turmål på parkeringsplass	Kommunen/ Frivillige	
	Flø skule	Informasjonsskilt om turmål på parkeringsplass	Kommunen/ Frivillige	
	Høgdebasseng Eiksund	Ønske om meir parkering, krev prosess	Kommunen	Plan
	Haddal (Gbnr 18/6)	Ønske om meir parkering, krev prosess	Kommunen	Plan
	Fjellsbrekkene	Ønske om meir parkering, krev prosess	Kommunen	Plan
	Brøyting av p-plass Løset	Mange turfolk som ønske å parkere her vinterstid	Kommunen	Drift



6. Vedlegg



Vedlegg:

[Samandrag av høyringssvar offentlig ettersyn med kommentarar](#)

[Medverknad og analyse av innspel](#)

[Prosjektplan for kartlegging av friluftslivets ferdselsårer - Ulstein og Hareid](#)

[ROS-analyse padleled](#)

[Oversikt over bilete nytta i planen](#)

Eksterne lenker vist til i planen:

[Tur for alle](#) - inspirasjonshefte om tilrettelegging og universell utforming

[Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv](#)

[Merkehandboka](#)

[Skiltmanualen](#)

[Rettleiar for ro- og padleruter](#)